

Utgreiing og spørsmål

Me har eit ønske om å byggja eit bustadhus og garasje på tomta som er angitt gbnr 195/171. Dette håpar me å få til innanfor den stipla linja (sjå vedlegg). Det ser ut til at me vil overstige utnyttingsgraden på tomta. Vegen er planlagt der den går i dag. Den er også tenkt å forlengast mot garasje.

Vatn og kloakk vil verte kopla til nytt offentleg punkt i hjørnet av tomten mot nord-aust sida. Der vil det bli tilrettelagt med rør og tilkoplingskum opp frå område framfor, BKS4. Me har også ynskje om å justera grensa med ca fire meter mot gbnr 195/86.

Vi har følgande spørsmål angående tomta:

- Det arealet som "tarmen" framfor grbr 195/86 utgjør, kva gbnr vil dette arealet høyra til? Vil dette arealet fortsatt vera ein del av tomta til gbnr 195/171?
- Eigar Sigmund og Anna Lyngøy hevdar at veg SKV5 vart bygd av hovudbruket og at det sidan det har vore ein privat veg. Då dei kjøpte gbnr 195/171 frå hovudbruket var òg vegen med i arealet som vart skøyta (sjå kopi av skøyte). Kan dette då vere ein kommunal veg? Dersom dette skulle vere ein kommunal veg, vil eigarane av tomta vite når denne overføringa vart utført.
- Dersom dette ikkje er ein kommunal veg, men ei eldre privat avkøyrsløse for bruket, nausta og husa nedanfor, vil ein då måtte varsle Statens Vegvesen for å få til ei arealoverføring på område mellom gbnr 195/86 og 195/171?
- Me lurar òg på årsaka til at denne tomta har fått maks 6 m byggehøyde. Dei kringliggjande husa samt andre hus på den regulerte byggeplan nedanfor har fått ei høgdegrensa på 8 - 9 m. Kva er årsaka til dette?
- I Kartverket står det oppført at tomta er på ca 1600 m², medan i kommunen sin reguleringsplan er A oppgitt til 1104m². Kvifor vil det her bli så stor skilnad på desse areala? Og kvifor er byggjegrensa fastsett slik som den er?
- Pr no er det Sigmund og Anna Lyngøy som eig tomta. Dersom me søker om byggeløyve og skøyter tomta etter løyve er gitt, vil dette ha noko påverknad? Kan me søkje om byggeløyve i våre namn når tomta ikkje står på oss?